

NVE varsler flaum

04.10.2011



Uskedalselva veks no (Foto:Geir Remme)

**Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) melder om mykje nedbør på heile Vestlandet dei neste dagane. Vassføringa vil auka raskt i mindre og mellomstore vassdrag frå i kveld**

Varselet som NVE melder om på nettsida si, gjeld for Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal fram til torsdag.

Ifølgje NVE vil vassføringa auka raskt i mindre og mellomstore vassdrag frå tysdag kveld. Men det er ikkje venta at det vil overskrida nivået for 5-årsflaum.

Mykje vatn i bakken, kombinert med lokalt store nedbørsmengder, fører til auka fare for jordras. Dette gjeld spesielt i terrenget med bratte skråningar, og langs elvar og bekker med stor vassføring.

Det er Meterorologisk Institutt sitt varsel om lokalt mykje nedbør tysdag og onsdag som dannar grunnlaget for NVE si flaumvurdering.

#### FAKTA

NVE varsler flaum når dei ventar vassføring med meir enn fem års gjentaksintervall, medan dei varsler stor flaum når det er venta vassføring med meir enn 50 års gjentaksintervall.

#### Eit flaumvarsle er ikkje nødvendigvis eit varsel om skadeflaum

Varselet blir følgt opp så lenge flaumsituasjonen varer, med 'Melding fra NVE'.

Også ved andre spesielle situasjonar i vassdraga sender NVE ut 'Melding fra NVE'.

Av Kristian Hus  
HusnesNett